

UTBYGGINGSAVTALE

mellom Ål kommune og grunneigarane/utbyggjarane innanfor detaljreguleringsplan Upstream Kleivi planid 2024, vedteke k-sak .../..... den

Avtala er i samsvar med kapittel 17 i plan- og bygningslova jf. Ål kommunestyre sak 82/12, vedteke 20.12.2012 og k-sak 37/11 vedteke den 15.6.2011.

Utbyggjar av, må dekke alle interne kostnader som følgje av utbygging av planen for Eksterne kostnader og utbyggjars ansvar er spesifisert i tabellen under.
Bidrag frå utbyggjar til eksterne kostnader skal stå i høve til storleik på utbygginga jf. kapittel 17 i plan- og bygningslova: *"Kostnadene som betales av utbygger eller grunneier til tiltaket må stå i forhold til den belastning den aktuelle utbygging påfører kommunen."*

Samandrag av anlegg/tiltak med kostnadsdeling mellom Ål kommune og utbyggjar:

Anlegg/tiltak	Dimensjonering og kostnad for utbyggjar
Avlaupsledningar internt i området	Etter kommunal standard. Utbyggjar dekker 100% av kostnaden. Kommunen tek over hovudledningsnettets kostnadsfritt og står for drifta av det. Det kan gjerast avtale om justeringsrett slik at utbyggjar får att mva i ettertid fordelt over 10 år.
Anleggstilskot for oppgradering/utviding av Ål renseanlegg	Det skal betalast inn anleggstilskot kr 250 000 når det er gitt igangsettingsløyve (IG) i området (utrekna som 10 einingar ca 33 pe). Tilkoplingsavgift vert betalt av utbyggjar når bygget/bygga vert kopla til avlaupsanlegget, jf. kommunens reglar for innbetaling av tilkoplingsavgift.
Vassforsyning	Utbyggjar kostar utbygging av vassforsyning etter gjeldande Va-norm. Kommunen tek etter nærmare avtale over hovudledningsnettets. Det kan gjerast avtale om justeringsrett slik at utbyggjar får att mva i ettertid fordelt over 10 år. Utbyggjar må betale sin del av kostnad for sin del av naudsynt utviding av høgdebassenget.
Veg	Vegar og parkeringsplassar innan utbyggingsområda vert opparbeidd og kosta av utbyggjarar i samsvar med den standard som følgjer av reguleringsplan/byggeløyve.
Kryss Kleivi-rv 7	Utbyggjar må betale sin del av kostnad for utbetring av krysset Kleivi-rv 7. (jf motsegn frå Statens vegvesen til ny arealdel for Ål kommune 2023-20)
Brua over Hallingdalselva i Kleivi	Utbyggjar må rekne med å ta sin del av kostnad for eventuell framtidig utbetring av brua.

Brannvatn og evt flaum- og skredsikring	Utbyggjar tek kostnadene med å etablere eventuelle interne tiltak, som t.d. brannvatn, flaum- og skredsikring m.m. Ål kommune kan ikkje tilby meir brannvatn enn det vi har på drikkevassnettet.
---	--

Dersom utbyggjar overdreg sine rettar til andre, skal kommunen varslast og pliktene etter denne utbyggingsavtala følgjer med til ny eigar/utbyggjar.

Følgjande kommunale dokument legg føringar for utbyggingsavtala:

Vedtekne reguleringsplanar i området, gjeldande kommuneplan for Ål, kommunedelplan for Sundre, kommunedelplan for Primhovda, gjeldande økonomiplan, gjeldande hovudplan for vatn, plan for vassmiljø og hovudplan for avlaup, reglement for sanitæranlegg i Ål kommune, avfallsforskrifta for Ål kommune, VA norm for Ål kommune og gjeldande rehabiliteringsplan leidningsnett vatn/avlaup, vedtekne retningsliner for bruk av utbyggingsavtaler i Ål kommune og saksutgreiing til kommunestyresak om reviderte prinsipp for bruk av utbyggingsavtaler.

Twist

Vedtak om utbyggingsavtale etter kapittel 17 i plan- og bygningslova kan ikkje påklagast. Ei kvar twist mellom partane med utgangspunkt i denne avtala skal søkast løyst gjennom forhandlingar. Viss partane ikkje vert samde, blir tvisten avgjort ved vanleg domstolhandsaming ved den lokale tingretten.

Denne avtala ligg føre i to likelydande eksemplar, ei til kvar av partane.

Ål, den

for Ål kommune

Ål, den

for utbyggjar (ane)
